

## **Uttale frå Møre og Romsdal SV**

**Vedteke på fylkesårsmøte 12.02.23**

### **Språkleg rettferd i skulen**

Før påske skal kunnskapsminister Tonje Brenna kome med framlegg til ny opplæringslov til Stortinget. Møre og Romsdal SV vil ha ei opplæringslov som sikrar nynorskelevane ein nynorsk kvardag!

I dag sit nynorskelevar i klasserommet med skriveprogram som gir dei raude strekar under ord dei skriv rett, appar som ikkje finst på nynorsk og andre verktøy som gjer at lese- og skriveopplæringa deira blir meir mangefull og langt dårlegare enn den opplæringa jamaldringane som skriv bokmål får. Mangelen på nynorsk i det digitale klasserommet skadar ikkje berre nynorskelevane, men det stikk også kjeppar i hjula for sidemålsundervisninga til bokmålselevane.

Definisjonen av lærermiddel i dagens opplæringslov er for snever og bidreg til ei uhaldbar lese- og skriveopplæring for nynorskelevane. I den nye opplæringslova må definisjonen av lærermiddel også femne om læringsressursar. Parallelitetskravet må gjelde for alle digitale og ikkje-digitale læringsressursar og verktøy som er laga for eller blir brukte i opplæringssiktemål. Skriveprogram som skal brukast i norsk skule, må støtte både nynorsk og bokmål utan etterhald.

Om lag halvparten av elevane i grunnskulen i Møre og Romsdal har nynorsk som hovudmål. Saman med dei totalt 73 117 nynorskelevane i landet treng dei ei opplæringslov som tek språket deira på alvor. Elevane med nynorsk som hovudmål må få dei same vilkåra som elevane med bokmål som hovudmål.

Møre og Romsdal SV meiner:

- Definisjonen av lærermiddel må femne om læringsressursar.
- Parallelitetskravet må gjelde for alle digitale og ikkje-digitale læringsressursar og verktøy som er laga for eller blir brukte i opplæringssiktemål.
- Skriveprogram som blir brukte i skulen, må stø både nynorsk og bokmål.

**Møre og Romsdal SV**